



Gammalt kraftverk, stor kultur

Det gamle kraftverket på Valen

Valen asyl vart etablert på Valen i 1910 som Hordaland fylkes sitt sjukehus for sinnslidande.



*Den 28 oktober 2010 var det hundre år
sidan dei første pasientane vart overført frå
Neevengården i Bergen til Valen.*



Ein av føresetnadene for etableringa på Valen var at sjukehuset kunne produsera eigen straum til oppvarming.



Som det første sjukehuset i norden skulle dei her bruk elektrisk oppvarming.



Ida og Christian Drangsholt.

*Anleggsarbeidet på
kraftanlegget starta opp
vinteren 1909/10 med
ingeniør Christian
Drangsholt som leiar.*

*Han vart seinare gift med Ida
Undall, dotter til Wilhelm Undall,
tidlegare eigar av Nordre Valen.*



*Kraftutbygginga her i landet var enno i
starten og i Hordaland vart Kraftverket
på Valen ein referanse for den utbygginga
som starta dei kommande åra.*



Valedalen utviding av dammen 1919





*Valedalsdammen vart
hovudmagasinet til kraftverket
på Valen.
Nybygg 1909 og påbygg 1919.*

Den første tida var det store utfordringar for å få kraftverket til å levera stabil energi.

Ising i tilførselsrøyrene fra Bjørkedalsdammen til kraftstasjonen dei første vintrane var eit stort problem som førde til store økonomiske utteljingar for fylket og sjukehuset.




Ising i vassvegen fra Stem mastølen til Bjørkedalsdammen var og eit vedvarande problem dei første åra.

Kanallopet måtte fleire gonger utvidast for å få til ei stabil vassoverføring til Bjørkedalsdammen.

Vidare tek årsmeldingane år om anna for seg lekasjer i damanleggåa. I hovudsak Bjørkedalsdammen, men også i Valedalen.


*Tilhøva kring damanlegga som var etablert fekk mykje
merksemnd då vassstilforsla til kraftverket var knytt så
sterkt til drifta ved sjukehuset.*

*Vassforsyninga til sjukehuset var og knytt opp til det
som vassdraget kunne levera.*



Yveringeniør Per Lægreid.

*I 1914 vart det tilsett ein overingeniør som skulle ha ansvaret
for den vidare utbygginga som skulle gjerast i amtet.
Overingeniør Per Lægreid hadde hand i hanske med alle
utbyggingar i Fylket sin regi heilt fram til 1953.*



*Alternativ et til
elektrisk kraft til
oppvarming var
kolfyring.*

*Dette vart gjort
for å spara på
vatnet om
vinteren.*

Alt kring 1920 meldte behovet for meir kraft seg.

Nybygging krevde meir kapasitet.

Ny stasjon var på planleggingstadiet gjennom heile 20 og 30-åra.

Men først i 1939 kom nybygging av kraftverk i gang.

Svartatjødno



Ny utbygging

Det var no snakk om vekselstraum og det vart bygd heilt ny stasjon som fekk levering av vatn frå den nye inntaksdammen i Svartatjødno.

Her vart vatnet ført frå "Elvadammen", ein ny dam i Valeelva og over til Svartatjødno.

Hordaland Fylkes kraftverk
på Valen

Kraftstasjon

2

Ny i 1939, utvida 1956.



Kraftstasjon 2
Ny i 1939. Her etter utvidinga 1956 - 1957.



Hordaland Fylkes Kraftverk

Valen

Vetledalsdammen

0,4 mill. m³

Tunnel

741 m.o.h

Valedalsdammen

2 mill. m³

Hoveddam
(Reg. 12 m)

Overløpsdam

477 m.o.h

Kraftforsyning
til Valedalen

329 m.o.h

Svartatjødno

30000 m³

Trerøyr
460 m
"Stupet"

Ståløryr
1023 m

Distribusjonsnett
Valen Sjukehus
5,25 kV

27 m.o.h

Kraftstasjon
I. 1939 - 1700 kVA
(II. 1956 - 2250 kVA)

Elvadammen

11000 m³

331 m.o.h

Stemmastølen

Bjørkedalsdammen

Vassforsyning reserve
Kvinnherad Kommune

Tverrelva

Vassbrønn
Handeland

Handelandselva


Gml. Kraftstasjon
1910 - 1956

Søravals-
elva

Øvre Valen
Trafostasjon

Valevassdraget











WLL 7500 KG







Forsyningss-
departementet
Direktoratet for
industriforsyning

Skjema nr. 101 c.

Smøreoljekort

Serie C № 38638

utstedt den 15/5 1941 gjelder for mai mnd.

Navn: Valen Sjukehus, Adresse: Vale i Sunnhordland.

1. Til drift av motorvogn(båt) som anvendes til: Teknisk.

Kjennemerke(r) for vedk. motorvogn(er): Damanelegg.

2. Til annet bruk (spesifiseres nærmere):

3. Utstedt kvarsum: 13 kg.

Hordaland Politikammer

Politiets (lensmannens) signatur og stempel:

Kortet må ikke overdras.
Løse merker gjelder ikke.

Olje som er kjøpt på dette kort må ikke brukes til andre formål enn foran angitt.
Overtredelse medfører straffansvar og inndragning av kortet.

MASCHINENFABRIK
OERLIKON
ZÜRICH, SCHWEIZ

MASCHINENFABRIK OERLIKON		ZÜRICH, SCHWEIZ	
3	Nr. 36700 M1.1		
Type	SGT 240-104		
5250	V 154 A		
1400	KVA Cos φ 0.8		
600	T/min 50 Per/s		
Erregung	125 V 88 A		



Teknisk drift 1952

Frå venstre: Sverre Handeland, Johannes Øvsthus, Arne Torsvik,
Maskinmester Martin Fotland, Hans Brigtsen, Johannes Johannessen, Håkon
Handeland, Johannes Opsanger



Vetledals-dammen

som ligg på 741 m.o.h. er reservemagasin og blir oftast ikkje nytta før på ettermålet i 1960-åra vart det laga ein tunnel for å få ei bedre utnytting av magasinet.





Ved anlegget 1939 - 1941 med etablering av ny kraftstasjon med Svartatjødno som ny Inntaksdam vart utnyttinga av vassresursane gjort mykje betre.

Transport av anleggsmateriell vart gjort med hjelp av Trallebane frå Søre Valen til Svartatjødno.
Vidare vart det etablert taubane til Valedalen.





Tralle- og tau-bane- stasjonen.













Siste reis

6. juli 2008



Ny stasjon 2008









Hundre år er gått sidan etableringa i 1910.
Kraftverket på Valen har gjort si teneste for sjukehuset og bygda.

- Valestiftinga har fått tilsynsansvar for den gamle kraftstasjonen som fylkeskonservator ynskjer å værna. Her er det lova midlar til restaurering.
- Stasjon 2 er under vurdering for eit prosjekt der skuleverket og lokalt næringsliv har lagt resursar i eit prosjekt for å styrka realfaget i skulen. Konkrete planar for etablering av eit energifagprosjekt er i gang.
- I 2003 vart Valen kraftverk etablert som eit fylkeskommunalt AS og med nye investeringar er kraftverket framleis ei viktig intektskjelde for Hordaland Fylke.
- 3 små kraftstasjonar på rad representerer ei 100 år historie som framstår som eit viktig vitnesbyrd om krafthistoria lokalt og for Hordaland fylke.



Takk